

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 29.09.2023

Vår ref.: 202205063-10 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Christian Solheim

22 95 98 83 el. chso@nve.no

Høyring av konsesjonssøknad og invitasjon til folkemøte om ny 132 kV kraftforbinding til Florø

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad for ny 132 kV kraftforbinding i Kinn kommune i Vestland fylke.

Søknaden er no på høyring, og de kan uttale dykk i saken innan 10. november 2023.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/16155/A.

Invitasjon til folkemøte 17. oktober i Florø

NVE held offentleg møte tysdag 17.oktober kl. 19:00. Møtet finn stad på Comfort Hotel Victoria, Markegata 34, Florø. NVE vil orientere om handsaminga av søknaden. Linja AS vil vere til stades og orientere om planane. Møtet er ope for alle.

Høyringsfråsegn kan sendast til NVE innan 10. november 2023

I samband med NVE si høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi innspel på mellom anna følgjande:

- Kva meiner høyringsinstansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere moglege negative verknader av tiltaket.

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Høyringsinnspel kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:


- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202205063 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Søknaden


Linja AS søker i medhald av energilova om konsesjon for ei ny 132 kV forbinding til Botnaneset. Dei søker og om ny 132/110 kV transformatorstasjon på Botnaneset, ny 132 kV forbinding frå nye Botnaneset transformatorstasjon til eksisterande Florø transformatorstasjon, samt oppgradering av eksisterande transformatorstasjon. Linja AS har søkt om 3 ulike trasealternativ mellom Magnhildskaret koblingsstasjon og Botnaneset transformatorstasjon (Figur 1).



Figur 1: Oversikt over trasealternativ Magnhildskaret - Botnaneset. Raud linje og blå linje angjev høvesvis trasealternativ for jord- og sjøkabel.

Mellom Botnaneset transformatorstasjon og Florø transformatorstasjon er det søkt 2 ulike trasealternativ (Figur 2). Linja AS grunnlegg søknaden med at ein forventar ein auke i forbruk i området, og at dersom det omsøkte tiltaket ikkje blir gjennomført vil det ikkje vere mogleg å leggje til rette for nyetablering/utvidingar av industri- og næringsverksemd i Florø-området.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/16155/A.



Figur 2: Oversikt over trasealternativ Botnaneset - Florø transformatorstasjon. Raud og blå stipla linje angjev trasealternativ for høvesvis jord- og sjøkabel.

Linja AS søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Linja AS om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde. Grunneigarar og rettshavarar som vert påverka av søknaden om oreigningsløyve, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på www.nve.no/grunneierinfo.

Spørsmål om søknaden kan rettast til Ingunn Vassbotten i Linja AS på tlf. 99 16 66 63.
Spørsmål om NVE si sakshandsaming kan rettast til Christian Solheim på tlf. 22 95 98 83 eller e-post: chso@nve.no

Med helsing

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Christian Solheim
seniorrådgiver

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

**Mottakarliste:**

STATNETT SF

NORGES NATURVERNFORBUND

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest

Norges Miljøvernforbund

Kystverket

Avinor AS

Telenor Kabelnett

Flora Turlag

Fiskeridirektoratet

Norsk ornitologisk foreining, avdeling Sogn og Fjordane

Norges Skogeierforbund

Flora Jeger og Fiskerforening

Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

Grunneigarar/rettshavarar

NATURVERNFORBUNDET FLORA

MOTVIND VEST

Kopimottakarliste: